

# Referat oppstartsmøte – Forvaltningsrevisjon – Oppfølging av politiske vedtak

**Stad:** Kommunehuset i Modalen

**Dato:** 07.12.22

**Deltakrarar:** Jo Tømmerbakke, rådmann

Tonje Aarland, assisterande rådmann

Arne Gilbakken, oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Vestlandsrevisjon

Gudrun Marie Helleve, forvaltningsrevisor Vestlandsrevisjon

## Innleiing

Jo Tømmerbakke har vore rådmann i Modalen sidan 2019. Kommunestyret har til saman 13 representantar frå partia Solrenningslista og Samlingslista. Revisjonen vil nytta vedtak og anna dokumentasjon frå inneverande valbolc. Rådmann vil vera kontaktpunktet for denne forvaltningsrevisjonen.

Kommuneleiinga er ikkje kjent med at det eksisterer noko konkret grunnlag for at oppfølging av politiske vedtak er prioritert som forvaltningsrevisjon. Det var fleire drøftingar for å finna fram til eit tema som ein meinte det kunne vera formålstenleg å få ein revisjon på.

## Problemstillingar

### 1. Har Modalen kommune etablert system og rutinar for å sikre iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak?

Det eksisterte ikkje noko eige system for administrativ oppfylging av politiske vedtak før noverande rådmann overtok stillinga. Rådmann har laga eit eige system basert på bruk av standardverktøy for dokumentbehandling til kontroll og framdrift av politiske saker. Dokumentet inneheld informasjon om sak, vedtak, møtedato, ansvar for oppfylging, fristar, status, eventuelt repetisjon, ferdigstilling osv. Rådmannen har brukt mykje tid i starten på arbeidsforholdet for å gå igjennom eldre protokollar for å kartlegga politiske vedtak som skulle fylgjast opp vidare. Desse sakene vart innarbeida i oversikten. Styringsdokumentet har vore i bruk sidan 2019. Rådmann opplever at skjemaet gir god kontroll på status og framdrift i dei politiske vedtaka.

Vidare er det rutine for at sakshandsamar står for utsending av vedtaka når dette gjeld private og andre offentlege mottakarar utanfor kommunehuset. Vedtak knytt til næringsfondet er eksempel på politiske vedtak der resultatet skal formidlast vidare til søkjar.

I tillegg nyttar rådmannen eit skjema med inndeling av saker som ein veit er gjenstand for revisjonar i framtida. Dette kan mellom anna vera sal av konsesjonskraft og handlingsplanar som skal rullerast og opp til politisk handsaming. Dette skjemaet vart også innført i 2019 og inneheld aktuelle saker fram til 2030.

I enkelte saker vert også skjemaer brukt som ei påminning i budsjettarbeidet. Rådmannen fylgjer opp vedtaka med sakshandsamarane med tanke på framdrift og saksutgreiing. Styringssystemet er enkelt, men funksjonelt og tilpassa aktivitetane i ein mindre kommune som Modalen.

Rådmann har sendt over kopi av organisasjonskart og styringsdokument til revisjonen og vil ta ein gjennomgang med revisjonen på eit seinare tidspunkt. Informasjonen i dokumenta kan også nyttast ved utplukk av vedtak for revisjonen sin kontroll.

Administrasjonen rapporterer ikkje enkeltvis på politiske saker i årsmeldinga, men omtalar dette på eit overordna nivå. I tillegg vert til dømes sjukefråvær rapportert om i tertialrapportar, medan prosjektrekneskapan i investeringsprosjekt er gjenstand for eiga politisk sak.

## **2. Vert møteprotokoll og politiske vedtak hensiktsmessig utforma i høve til iverksetjing og oppfølging?**

Administrasjonen gir generelt mange orienteringar til politikarane i kommunestyre og formannskap. Rådmann har ikkje fått innspel frå kommunestyret eller ordførar på at ein ynskjer noko endringar i korleis rådmann gir sine tilbakemeldingar.

Den nye kommunelova har klargjort at kommunestyret bestiller via vedtak. Dette fungerer normalt greitt i ordinere saker. Erfaringa er at det likevel kan komme ulike forslag og førespurnader i samband med orienteringssaker som administrasjonen ikkje alltid er i stand til å kvittera ut direkte i møte. Då er det behov for å få avklart spørsmålet internt før ein kan svara kommunestyret. Ordførar har gjeve tilbakemelding til rådmann at ein er godt nøgd med korleis administrasjonen fylgjer opp slike førespurnadar. Ei utfordring kan likevel vera at desse førespurnadane ikkje vert gjort som eit konkret bestillingsvedtak og vil difor ikkje vera omtalt i protokollane. I praksis noterer administrasjonen seg spørsmåla som vert stilt i kommunestyret for å kunna gi eit korrekt svar på eit seinare tidspunkt. Det kan vera ei utfordring at denne framgangsmåten ikkje sikrar tilstrekkeleg innsyn for dei som ynskjer dette fordi det ikkje føreligg noko offisiell informasjon tilgjengeleg om at spørsmåla er reist av medlemmar i kommunestyret. Rådmann ser at handsaming av oppfylggingsspørsmål kunne vore meir formalisert. Oppfylggingsspørsmål kunne med fordel vorte gjort om til eit politisk vedtak og ført inn i møteprotokollen.

Kommunestyret er flinke til å rådsla og kvalitetssikra eigne forslag til vedtak med administrasjonen i forkant av avstemmingar. Dette sikrar at både den politiske og administrative leiinga har felles forståing av innhaldet i vedtaka som politikarane utarbeidar til ei sak. Dersom forslag vert sendt inn frå politikarar via ACOS sin møteportal vil også administrasjonen kunne lesa og vurdere forslaget før votering.

Det er få endringar som kjem i samband med handsaming av budsjett. Endringar i investeringsbudsjettet med omprioritering, nyinvestering eller sletting av planlagde investeringar kan førekomma.

Skulle det vera forhold som er uklårt i forhold til tolking av vedtak/spørsmål tek rådmann dette opp med ordføraren.

## **3. Korleis opplever politisk nivå iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak?**

Rådmann sender over e-postadresser for dei to varamedlemmane i kvart parti som møter oftast i kommunestyret til bruk i spørjeundersøking. Resten av e-postadressene finn revisjonen på nettsidene til Modalen kommune. Til saman 17 medlemmar.

#### **4. Korleis vert politiske vedtak kommunisert til innbyggjarane?**

Generelt vil møteplanar og møteprotokollar ligga ute på heimesida til kommunen. Innkalling og sakspapir vert også lagt ut i forkant av politiske møter til dømes formannskap og kommunestyret. Her vil også referatsaker og notat knytt til orienteringar vera utlagt. Normalt vil det gå ein til to dagar etter eit politisk møte før møteprotokollen vert lagt ut på heimesida. Avisa-Hordaland og Vaksdalsposten dekker stort sett alle politiske møter i Modalen. I enkelte saker publiserer også kommunen eigen informasjon på heimesida og på kommunen si Facebook side. I enkelte høve vil også interessegrupper eller privatpersonar bli tilsendt dokumentasjon og vedtak i ei sak som er politisk handsama. Det er ikkje etablert rutinar i kommunen for publisering ut over det som vert gjort under den politiske fana på heimesida til kommunen.

I samband med bygging av nytt kommunehus er det kjøpt inn teknisk utstyr til streaming av politiske møter. Politikarane har så langt ikkje bestemt seg for om dei ynskjer streaming av kommunestyremøte. Det er uvist om streaming vil føra til mindre politisk debatt som fylgje av at enkelte politikarar vil vera meir reservert i eit ordskifte når ordvekslinga vert tilgjengeleg via internett. Samstundes vil det gjera møta meir tilgjengeleg for andre som ikkje kan fylgje dette på dagtid når møta vert avvikla. Administrasjonen skal utarbeida ei sak til kommunestyret om streaming etter nyttår.